

Austrheim stoppar arbeidet med klubbhus

AUSTRHEIM: Kommunen har inntil vidare valt å stoppa arbeidet med klubbhus på den nye idrettsbana.

ATLEVAAGE
atle@nordhordland.no

Første del av arbeidet med

Austrheim idrettspark er gjort unna, med ny krøllgrasbane. No har formannskapet valt å setja bremsene på når det gjeldt klubbhuset. Det skuldast at anboda antydgar ein totalpris på 6-7 millionar kroner for det 350 kvadrat store bygget. Planen var å byggja eit hus med både tekniske rom, garderobeanlegg og kafete-

ria. No nøyer ein seg med i første omgang å gjera ferdig det ein er nøydd til å ha for å sikra drift og vedlikehald på bana og elektriske anlegg.

- Prisen ser ut til å bli høgare enn ein trudde. Vi må mellom anna vurdere kor vidt det er nødvendig å byggja eit nytt garderobeanlegg såpass nær dei garderob-

ane som allereie finst i Austrheimhallen, seier Lidvard Kyrkjebø frå teknisk etat.

Formannskapet sitt vedtak seier også at administrasjonen innan oktober skal leggja fram forslag til korleis ein går vidare med prosjektet.

Fleire får gratis skyss til skulen

AUSTRHEIM: Som tidlegare omtala har Austrheim vurdert skuleskyssordninga. Resultatet er no vedtatt i formannskapet, gratis skyss til elevar frå Synnevåg- Bakka området til Kaland skule, og det same for strekninga Ulvøy-Mastre-vikkrysset mot Årås skule. Skyssen gjeldt alle årstrinn. Dersom det vert laga gangveggar på dei aktuelle strekningane, fell gratis skyssen vekk, heiter det i vedtaket.

Trafikksikrar ved Austrheim vgs

AUSTRHEIM: Også ved Austrheim vidaregåande skule er det behov for trafikksikring. Planar er utarbeida for korleis skuleområdet kan gjerast sikrare, og formannskapet vedtok i sitt siste møte at kommunen er positiv til å ta sin del av kostnaden. Nøyaktig kor stor sum det er tale om, går ikkje fram av saksutgreiinga. Hordaland fylkeskommune er eigar av skulen.

Havsport heile livet

AUSTRHEIM: Kommunen har ei tid jobba med prosjektet "Austrheim heile livet" for å setja fokus på korleis gjera Austrheim til ein best mogleg stad å bu for alle. Som eit ledd i dette arbeidet er det tenkt eit del-prosjekt som tek for seg havsport. Formannskapet er positive, og løyvde i sist møte 25 000 til delprosjektet. Austrheim er som kjent vertskommune for Havsportveka som i år samla 6500 deltakarar.

Feirar seg sjølv i Strilatun

Regionrådet skal i år feira at det er femti år sidan rådet vart oppretta. Jubileumsfesten finn stad 11. november, og er lagt til Strilatun på Seim. Regionrådet vart i sitt siste møte orientert om arrangementet, som vil samla toppar frå det offentlege, næringsliv og politisk liv i Nordhordland.

Avventar Fergus Falls-invitasjon

Regionrådet har bestemt seg for å avventa ein formell invitasjon til venskapsbyen Fergus Falls. Tanken er at eit ungdomskor skal reisa over frå USA, men regionrådet ønskjer at ekstern finansiering av turen skal vera på plass før det vert sendt ein formell invitasjon frå Nordhordland. Fergus Falls har hatt besøk frå Nordhordland fleire gonger, i samband med den norske haustfesten i området.



OPNA FESTEN: Utflytta radværing Arne Bøe og hans Heimalanne gav full gass i utvandrarkyrkja på Sletta søndag kveld.

Heimalanne opna mil-festen på Sletta

RADØY: Årets Knarvikmil opna på Sletta i Radøy. Mil-general Helge Brekke seier mila framover vil satsa endå meir på å samarbeida med lokale attraksjonar.

ATLEVAAGE
atle@nordhordland.no

Om lag 70 tilhøyrarar benka seg i den vesle utvandrarkyrkja for å høyra Arne Bøe og co. framføra radio-slagerar som "Mydlå ull og dongeri" og "Du har alltid vore god mot meg". Heimalanne blandar alt frå roots til rock og visesong til sin eigen, spennande miks, framført med stor speglede av svært dyktige musikarar.

- Men det er faktisk første gong vi spelar i ei kyrkje, seier Arne Bøe. Innimellom songane, fortel han små historier og vitsar

Brekke vil satsa på attraksjonar

om innhaldet i tekstane. Mellom anna om det vanskelege valet alle menneske strir med; Kva potet-slag er best, Kers Pink, Laila eller Beate?

Mil-general Helge Brekke var til stades, det var og ordførarane Jon Askeland frå Radøy og Astrid Aarhus Byrknes frå Lindås. Dei rosa mila sin innsats for å profile-ra Nordhordland, ein innsats Brekke lovar skal aukast.

- Framover kjem vi til å satsa på å knytta oss endå meir opp mot attraksjonar i Nordhordland. Vi i mila er mykje rundt og marknadsførar oss, då kan vi samstundes marknadsføra Nordhordland. På same måte er det marknadsføring i å leggja mil-arrangement mellom anna her til utvandrarsenteret, seier Brekke.



SATSAR PÅ ATTRAKSJONAR: Helge Brekke (til høgre) utanfor utvandrarsenteret. Knarvikmila vil no satsa meir på å knytta seg opp mot lokale attraksjonar.